Mitt ferietips landet rundt

ANNONSØRINNHOLD

Ryvarden fyr

Kystkultur og aktivitetar i Sveio

Kom med telt, hengekøye, bubil eller campingvogn og nyt den vakre naturen i Sveio.

Sveio har ei lang kystlinje, og mange mogelegheiter til å bruka sjøen, til båtliv, bading eller fisking.

Ryvarden Kulturfyr ligg heilt ute i havgapet og er like magisk i fint som i dårleg vêr.

Rex Garden i Førde er ein spesiell naturpark med fleire tusen rhododendron og treskulpturar rett ved «strando» i Førde – ein perfekt stad å henta energi.

Golfparken i Sveio er kjend for å vera eit av dei beste golfanlegga i Noreg, og har i tillegg flotte turløyper rundt parken.

Ta med familien til ein av Sveio sine flotte badestrender eller turområder, til dømes Kirkegården ved havet i Leirvåg, Holsvika, Selsåsvika og Slettene i Auklandshamn.

Ved Vigdarvatnet kan du få utallige naturopplevingar. Lån deg ein kano av kommunen til padletur, eller prøv fiskelukka.

I heimen til komponisten Fartein Valen, «Valenheimen» i Valevåg, finn ein mykje musikk- og kunsthistorie.

Du kan bestiga fjelltoppar som er med i Tell tur-programmet og byr på nydeleg utsikt.

Bjellandselva er ein flott tilrettelagt tur for store og små.

Linn Therese Erve,
ordførar i Sveio

Sveio golfpark



Begge foto: Geir Einarsen

Velkommen til Bømlo, kommunen med dei tusen øyane

Bømlo er eit eldorado for deg som likar friluftsliv, anten du vil gå tur, padla kajakk eller kano, bruka fritidsbåt, dykka eller klatra. Stiar, turløyper og badeplassar finn du over heile kommunen, og vil du sjå heile øya under eitt, kan du gå til topps på Siggjo (472 meter), den høgaste fjelltoppen vår som alle bømlingar har eit forhold til.

Frå solskinsøya Espevær i sør til Brandasund i nord femner naturen om nakne bergnabbar mot sjølvaste storhavet i vest til frodige og djupe skogsområde med små og større skogstjern og vatn på austsida. Ørna seglar høgt over skjergården på leit etter mat, og andre sjøfuglar byggjer og bur langs kysten.

Bømlo har eit rikt og mangfaldig kulturliv, der Nord-Europas finaste utandørs amfi er spydspissen. På Espevær kan du oppleva UFO-ringen, hummarparken og museet i Baadehuset. Dei som likar å shoppa, kan finna noko dei kan ha bruk for i butikkane i sentrum. God service er sjølvsagt.

Mykje meir kunne vore nemnt, men du må nesten ta turen sjølv å finna ut av resten.

Hjarteleg velkommen til Bømlo i sommar! Nordens Hawaii!

Sinksafari og spenstige bygg i Sauda

Kafébygg til venstre, visningsbygg i bakgrunnen. Foto: Frank Waal.

Mineralet stillbitt finst i ein sjeldan, lakseraud variant i sinkgruvene i Sauda. Foto: Knut Atle M. Seim.

I 1881 oppdaga husmannen Griggar Sabojen sinkmalm i Allmannajuvet, ei dryg mil aust for Sauda sentrum. Funnet gav opptakten til eit lite gruveeventyr i den tronge fjelldalen, der det i løpet av dei 18 åra det var drift blei henta ut 12 000 tonn sinkmalm. På det meste arbeidde 168 mann i gruvene.

I dag framstår Allmannajuvet som eitt av dei mest spektakulære stoppunkta langs Nasjonale turistvegar. Dei nyreiste bygningane i anlegget er konstruert av den sveitsiske arkitekten Peter Zumthor, som gjennom utforming og materialbruk har prøvd å gjenskapa stemninga frå gruvedrift under harde kår for over 120 år sidan.

Gjester kan vera med på guida turar langs den gamle stien inn til gruvene, dels hogd inn i fjellsida, og utstyrt med lykt og hjelm vandra 600 meter inn i den eine gruvegangen.

Velkomen til Austevoll – med friske opplevingar i eit eventyrleg øyrike!

Kommunen består av 667 øyar, holmar og skjer. Det er fastbuande på om lag eit dusin av øyane, og mange er samansveisa med bruer. Det går snøggbåtar mellom øyane, og det er difor ideelt for øyhopping. Austevoll ligg heilt i havgapet med friske bylgeskvulp i vind og vêr, og nydelege solnedgangar når havet ligg flatt og sola bader seg i havet. Austevoll har òg ei rekkje godt merka turstiar som går i vakre lyngheier, mystiske skogar og ytst på svaberg. Lune familievenlege turområde og leikearena med badeplassar, både ved ferskvatn og i sjø. Havet er rikt på fisk og det kan leigast utstyr for å fiska frå både båt og land. Øykommunen er eit eldorado for sykling, padling, kiting, surfing og elles alle typer vassport.